

Møteprotokoll

Kraftutval

Møtedato: 13.03.2026

Møtetid:

10:00 - 11:00

Møtestad: Ordførar sitt kontor

Saksnr.:

001/26 – 003/26

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Eivind Sverre Lidal	SP
Geir Svendsen	
Roy Egil Stadheim	AP
Siri Fahlvik Pettersen	

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
002/26	Orienteringssaker til kraftutvalet 13. mars 2026
003/26	Sal av konsesjonskraft kontrakt for Refsdal 2027



001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka:

13.03.2026 Kraftutval

KRAFT - 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka i tillegg til ordføraren: Aud Marit Berge Feidje (AP) Eivind Lidal (SP).

Samrøystes.

002/26: Orienteringssaker til kraftutvalet 13. mars 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Kraftutvalet tek orienteringane til vitande.

13.03.2026 Kraftutval

1. Assisterande kommunedirektør orienterte om resultatet frå kartlegginga av verksemdene si interesse for å kjøpe kraft gjennom kommunen til fast pris. Berre ei verksemd meldte seg innan fristen, og dette var ei lita verksemd med årsforbruk om lag som ein liten husstand. Kraftutvalet var samde i å ikkje gå vidare med utvikling av tilbudet, og at Kommunedirektøren skriv status og framlegg til vedtak inn i 1. tertialrapport for 2026.
2. Ingen andre orienteringar.

KRAFT - 002/26 Vedtak:

Kraftutvalet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

003/26: Sal av konsesjonskraft kontrakt for Refsdal 2027

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren legg fram saka utan tilråding.

13.03.2026 Kraftutval



Emil Lund Meltvedt frå kommunekraft deltok og orienterte.

Kommunen mottok 4 tilbod på Refsdal kontrakten for 2027 innan fristen. Kraftutvalet vedtok samrøystes å selje kontrakten for 2027 på fastpris til Entelios AS som hadde levert den høgaste prisen.

KRAFT - 003/26 Vedtak:

Kraftutvalet sel Vik kommune sin del av konsesjonskrafta frå Refsdal kraftverk for 2027, 35,090 GWh, på fastprisavtale til Entelios AS. Kommunedirektøren får mynde til å signere avtalane med Entelios AS.

Samrøystes.

